

Til Årsmøte i Utmarkslaget 17.03.2024

ÅRSMELDING FOR DRIFTSÅRET 2023

Etter forrige Årsmøte 17.03.2022 konstituerte det nye styret i Hovda Utmarkslag seg den 19.03.2022 der styret vart samansett i tråd med valresultatet i Årsmøtet den 17.03.2023, Per Marius Lillehamre; Sekretær og Inge Rolandsen er Kassèrar.

Styret var i driftsåret samansatt slik: Leiar; Harald Søvdsnes, nestleiar: Per Arne Sandnes, Sekretær: Per Marius Lillehamre, Kassèrar, Inge Rolandsen. Styremedlem; Aksel Fiskaa Øren, som òg er jaktleiar.

1. Vara; Anders Kjell Øren 2.Vara: Håkon Brudevik.

Valnemnd: Leiar Ove P. Olsen, medlem: Jan Leif Myklebust og Odne Oldeide

Regnskapsfører; Audun Sandnes, Revisor 1: Oddvin Kragset Revisor 2: Inge Rekdal.

Storviltutval:

Jaktleder: Aksel Fiskaa Øren, Medlem: Kåre Honningsvåg, Medlem: Ole Petter Nystøl, Medlem; Jo-Grunde Eidså.

Arbeidsoppgåver var:

- Arealberekning og grensetting av jaktfelt. Framdrift: under utarbeiding, og vil være klar til neste søknadsfrist til fornying av Driftsplan
- Småviltjakt bygging av fakta. Framdrift; småvilt observasjoner vert gjort av medlemmer, tilfeldig, men ofte.
- Slakte/parteringskurs. Er utført hausten 2023
- Styre skal drifte forvaltning av oppgåvene gitt i statuttar og Årsmøte til HUL sine medlemars beste. Utøving av denne; I tråd med statuttar og Årsmøtevedtak.
- Utført 2 stk organiserte varteljingar av hjortevilt på innmark.

Møter igjennom driftsåret.

Styret har igjennom driftsåret handsama 5 styremøter, og i tillegg fleire saker som Styret har løyst via e-post løysingar.

«Føre på Jakta» og «Etterpå jakta» møte er følgde slik intensjonane er lagt føre i statuttane, og møta er positive til å skape forståing forvaltninga av storvilt jakta blant medlemmane.

Etter oppmoding frå styresmaktene søkte kommunen Miljødirektoratet om «kvotefri avskyting av hjortekalv» og denne ordninga var Hovda Utmarkslag deltakar i.

Bakgrunnen for denne ordninga er at Miljødirektoratet har motteke vel dokumenterte skade,- og taps- meldingar frå Landbruk,- og matdepartementet som er innrapportert av desse som har landbruk som inntekt og eksistensgrunnlag.

Kvotefri avskyting av kalv er eit tiltak som miljødirektoratet har igangsett, og har oppfordra forvaltarar av utmark om å følgje desse tiltaka opp.

Storviltutvalet har hatt sine møter om tildeling av løyver etter vårteljingane, som utvalet har rådgitt Styret i Utmarkslaget om, og Styret gir sin tilslutnad/ending i denne saka.

Viltstatus og bakgrunn for fellingsutøving

Teljing av hjortevilt var natt til 22. April og 7. Mai og resultatet var: 424 og 355 dyr, noko som gir eit gjennomsnitt på 390 dyr, ein nedgang frå året før med 158 dyr.

Tildeling av fellingsløyver er rådgitt til styret av Storviltutvalet i Utmarkslaget, som Styret tek haldning til.

Storviltutvalet gjer ein svært god utøving, med kunnskap, føring av statistikk og fokus på god forvaltning og rådgir tildeling av fellingsløyver i tråd med utøvinga til det einskilde jaktfeltet som er dokumentert i plikt messig innrapportering. Dette fungerer svært positivt og i tråd med godkjend driftsplan til Utmarkslaget.

Styret i samråd med Jaktleiar, stansa jakta 22.12.2024 i tråd med ending når forhold tilsier det. Den privatrettslige styringsretten legaliserer slike vedtak.

HUL har inngått ettersøks avtale med Hovda Ettersøksring gjeldande til 2028. Hovda Ettersøksring disponerer 5 godkjente ettersøkshundar, og 6 godkjende hundeførarar.

Å følge driftsplanen er eit måleparameter som myndigheitene har fokus på under handsaming av komande driftsplanar.

Økonomi

Økonomien til HUL er karakterisert som sunn, og med god styring, og med eit «forsiktig» overskot.

Bistandssøknader til formål som faller under «felleskapsføremål» der allmenta har nytte av, er sende.

Innmelde saker til handsaming i Årsmøtet.

3 saker er melde inn til Årsmøtehandsaming og 1 stk. Saksorientering tilknytt oppgradering av «heimesida» som Osberget AS i Ulsteinvik lagar til utmarkslaget.’

Sak 1: Skrapdyr endring, forslag til Årsmøte 17.03.2024

Sak 2. Jakttid endring forslag Årsmøte 17.03.2024

Sak 3. Tilgjengeliggjering av styrereferat for alle medlemmer forslag til Årsmøte 17.03.2024.

Orienteringssak.

Oppgradering av «Heimesideordning» hos Osberget AS i Ulsteinvik.

Harald Søvdsnes
.....

Harald Søvdsnes Formann i Styret